



## Regionalt politiråd

### Referat Regionalt Politiråd i Setesdal 16.02.2022

#### Evjemoen Kino og Scene

##### 1. Innleiing v/politimeister - Kjerstin Askholt

Ønsker eit godt samarbeid og ein god dialog. Førebygging er viktig og førebygging er så mykje. Korleis kan me saman finne gode metodar å førebyggje på?

##### 2.

- **Kriminalitetsbildet i Agder politidistrikt og kriminalitetsbildet og regionen. Aas og Langeid**

Aas:

Glad i eit tett samarbeid med kommunane og mykje kan løyse seg via ein telefonsamtale. Ungdomskriminalitet har eit høgt fokus.

Ønsker eit tettare samarbeid i forhold til dette med personar med alvorlege psykiske lidelsar og forhøga valdsrisiko. Det har blitt eit større fokus på dette etter hendingane i Kongsberg og i Oslo.

Motorferdsel og sikkerhet er aktuelt i Setesdal. Politiet ønsker å ha fokuset på sikkerheten i seg sjølv, og ikkje nødvendigvis råninga til ungdomane. Det er positivt at ungdommen samlast.

Langeid:

Bemanning og beredskap i Setesdal er 16 politistillingar og to sivile frå Namsfogden. Mest faste stillingar gir stabil bemanning.

Setesdal er eit stort vaktistrikt. Det er no ei «vinterliste» kor det er både helgevaktbemanning i Valle og på Evje.

Pandemien har ikkje gitt heilt de store utslagene i antal saker, utanom ei lita auke i vald. Ordens messig så har det vært rolegare, men det har vært ein auke i trafikken og det har ført til litt fleire ulykker.

46 framstillingar / transportar for Fengselet på Evje. Politiet har transport som har med personar som er i varetekt, ikkje innsette.

Passbussen er veldig populær og har utvida opningstid til 4 gonger 2 dagar i året. Passbussen er eit prøveprosjekt. Den vert veldig fort fullbooka og det er ofte lang ventetid. Eit godt tilbod til bygdene.

- **Kriminalitetsbildet i regionen og førebyggjande arbeid barn og unge – kommunens perspektiv.**

#### **Kommunen / SLT**

Det er fagsamlingar til våren kor fleire aktørar vert invitert inn. Samlingane er i alle kommunane i Setesdal.

SLT koordinatorane har eit godt samarbeid med kommunane. Det er eit godt ungdomsbilde i Setesdal og det opplevast som at det er låg terskel for å ta grep.

### **3. Farlege personar – politiets arbeid med trusselutsette og trusselutøvarar inkl. vald i nære relasjonar.**

Truslar og vald kommer i ulike kontekster. Vold i nære relasjonar i eit mangfald i Norge.

Politiets arbeid med trussel utsette og trussel utøvarar skjer blant annet operativt. Ein effektiv etterforskning kan virke førebyggjande i form av at ein kan sette inn tiltak. Der er mange førebyggjande tiltak som politiet kan iverksette.

Korleis mottak politiet bekymringar? Anbefaler bruk av politiets nettpatrulje, ein slepp å stå i telefonkø, kort veg inn. Det er ein effektiv måte å melde i frå om bekymringar til politiet.

Tverrfagleg samarbeid er viktig. Ønska med ein kontaktperson i kvar etat. Helse- og omsorgstenestene, politi og andre samarbeidspartnarar som for eksempel barnevern, krisesenter, Alternativ til vald, NAV, Familievernkontor m.f.

### **4. Seksuelle overgrep mot barn og unge**

Mange nye trendar og arenaer kor seksuelle overgrep kan skje; snapschat, tiktok mf.. Truslar mot barn er overgrep. Mange seksjonar i Agder politidistrikt er inne å arbeider med problematikken. Viktig med tiltak inn mot unge som viser ein avvikande seksuell åtferd.

I Agder politidistrikt har restansane gått godt ned siste tiden. Dette er positivt da ein kan komme raskare i gong med etterforskning.

### **5. Dialog med utgangspunkt i desse tema:**

#### ***- Kva har hendelsesstyrt innsats å seie for responstid?***

Ein ser at det ofte er lang responstid i bygdene. Det er eit problem med ruskøyring.

#### ***- Blålysetatens bruk av lokal legevakt***

Politiets er noko begrensa av legevakta i sitt arbeid i distriktet. Det gjeld i tidsrommet kl. 23-07 då det ikkje er lokal legevakt i Bygland og Evje og Hornnes kommunar på nattetid. Ein må då nytte legevakta i Arendal eller på Byremo. Kan det være nødvendig at ein må

nytte legevakta i den kommunen personen høyrer til i? Samarbeidet med sjukepleiarane i kommunane er bra når det kun er spørsmål om ei blodprøve for eksempel.

**- Arrangere «blålysseminar»**

Belyse samarbeidet mellom brannvesen, politiet og ambulansen. Er det behov for eit seminar? Ofte er brannvesenet først på staden, men politiet arbeider godt saman med brannvesenet i Setesdal. Erfaringane med å for eksempel være samlokalisert er veldig bra, og det er eit ønske om dette. I Kristiansand skal dei samlokalisertast no.

Kommunedirektørane følger opp i sine organisasjonar.

**Avslutning ved nest styreleiar i Setesdal interkommunalt politisk råd Steinar Kyrvestad**

- Takkar for møtet og orienteringa

**Frå politiet møte:**

Gordon Petterson, politiinspektør  
Jan Terje Aas, driftsenhetsleiar  
Sigurd Langeid, politistasjonssjef  
Øyvind Haugen, politikontakt  
Stian Sandal, politikontakt

**Frå Setesdal regionråd**

Styret :

Tone Lise Avdal, Bykle kommune

Jan Arild Bjørndal, Åseral kommune

Inger Lise Lund Stulien, Åseral Kommune

Svein Arne Haugen, Evje og og Hornnes kommune

Vara , Evje og og Hornnes kommune

Steinar Kyrvestad, Valle kommune, nest styreleiar Setesdal IPR

Margit Dale, Valle Kommune

Jon Rolf Næss, Bykle kommune

Anne Eikerapen, Bygland kommune

Bjørn Ropstad, Agder Fylkeskommune

**Administrasjon Setesdal IPR:**

Rita Hansen

Roy Bakke

Birgit K Homme Harstad

**Kommunedirektører/rådmenn:**

John Salve Sigridnes, Bygland kommune

Kåre Einar Larsen, Åseral kommune

Referent: Birgit K Homme Harstad, Setesdal IPR